

# Vår pedagogiske visjon

« Eg blir meg i møte med deg »

Da er vi igjen klare for eit nytt år i barnehagen. Vi ynskjer gamle og nye hjarleg velkommen til oss i Gullbring barnehage.

For at eit barn skal bli eit trygt og godt menneske, må vi som vaksne støtte opp om, vise veg, gje kjærleik og anerkjenning. Eit godt motto er at vi må vere mot andre, som vi vil at andre skal vere mot oss. Dei små vert forma av oss vaksne – det er eit stort ansvar å kjenne på. Vaksne i barnehagen må gå foran som eit godt eksempel – vi må vere gode rollemodellar.

Vi vil gi barna lyst til å lære. I Gullbring barnehage har vi som mål å lage ein god kvardag for barna, og skape gode barndomsminne.

I år som i fjor vil vi satse på språket – *kommunikasjon, språk og tekst samt kropp. Rørsle, mat og helse*

- **Livsglede**

I Gullbring barnehage kjem livsglede til syne gjennom trygge barn og vaksne som opplever at dei vert sett og verdsett. Samspelet mellom vaksne og barn er prega av godt samarbeid, latter og godt humør. Barn og vaksne har valfridom og får utfordringar som vert meistra. Vi ser optimisme, nysgjerrigheit og kreativitet hjå både barn og vaksne

- **Læring**

Barn lærer heile tida. Dei er aktive deltakarar i sin kvardag. Barn er nysgjerrige og utforskande. Dei brukar alle sansar, spør og undrar seg, for å skape meining i verda rundt seg.

I Gullbring barnehage er vi medvitne på den rolla vi vaksne har som inspirerende medspelarar i denne meiningsskapinga. Vi legg vekt på at barna får utfordringar å strekkje seg etter. Utfordringane vert knytte til barnet sin alder og utviklingsnivå. Barna er avhengig av vaksenstøtte og tilrettelegging for å nå sitt potensial. Barnehagen er ein del av barnet sin livslange læring som startar ved livets begynnelse. I Gullbring fokuserer vi på at barna får opplevingar og læring innanfor 7 fagområde tilpassa barnet sin alder, modning og interesser.

- **Leik**

I Gullbring barnehage er barna sin leik noko av det aller viktigaste. Vi veit at barna er gladast når dei leiker. Det er då dei ler mest! I leiken viser barna mest uthaldenheit og konsentrasjon. Dei er mest språkleg aktive, og det er då dei uttrykker sine kjensler best. Leik er noko dei sjølv vel å gjere.

I leiken er barna utforskande og aktive. Dei bearbeider sine erfaringar og opplevingar. Samtidig gjer dei seg nye erfaringar i leiken som aukar deira forståing for den verkelegheita dei lever i. Barna brukar sine evner og sin fantasi i leiken, og styrer han ut fra sine føresetnder. Å leike er ofte «på lat». Barnet skaper si eiga verd. Leik har stor innverknad for barnas utvikling, og er ein «kongsveg til læring».

I Gullbring legg vi til rette for at barna får tid og rom til å leike. Vi ser at det er viktig å kunne vere fleksible og av og til endre/utsetje dei daglege aktivitetane dersom barna er i gang med ein god leik.

Vi støttar barna i leiken om dei treng det. Det kan vere hjelp til å kome inn i leik, finne materiale dei treng til leik, bidra til konfliktløsning i leik, eller kome med innspel som utvidar leiken. Nokre barn set pris på at dei vaksne er aktivt med på leiken, medan andre barn ønskjer å leike utan vaksen deltaking.

# Våre verdier

- Vi lyttar til kvar enkelt sine behov, ønskje og interesser, og prøver så godt vi kan å følgje opp dette
- Vi er tolerante for ulikheiter og viser med ord og handling at alle er likeverdige
- Vi møter barn og foreldre kvar dag når dei kjem – med augekontakt, ord og venlegheit
- Vi tar imot innspel frå barn, foreldre og kollegaer, og møter kvarandre i forhold til tankar og idear
- Vi er rause med kvarandre, det er lov å prøve og feile
- Vi tar barn og foreldre på alvor
- Vi fokuserer på det beste i alle vi møter
- Vi tar vare på materiell, naturen og alt som lever
- Vi gjev tryggheit til barn, foreldre og kollegaer ved å vere tilgjengelege, tydelege og pålitelege
- Vi vaksne er tilgjengelige for barna både for prat, leik, støtte, inspirasjon, læring og trøst
- Vi tar hensyn til barna sine ulike behov (sulten, våt, tørst, varm, kos, tøys osv)
- Vi sørgjer for at barna opplever å bli sett og høyrte kvar dag
- Vi hjelper kvarandre
- Vi viser forståing for den enkelte sin situasjon

# AUGUST



| Veke | Måndag                             | Tysdag | Onsdag | Torsdag       | Fredag        | Laurdag | Søndag |
|------|------------------------------------|--------|--------|---------------|---------------|---------|--------|
| 31   |                                    |        |        | 1             | 2             | 3       | 4      |
| 32   | 5                                  | 6      | 7      | 8             | 9             | 10      | 11     |
| 33   | 12                                 | 13     | 14     | 15<br>Plandag | 16<br>Plandag | 17      | 18     |
| 34   | 19<br>Oppstart nytt<br>barnehageår | 20     | 21     | 22            | 23            | 24      | 25     |
| 35   | 26                                 | 27     | 28     | 29            | 30            | 31      |        |

Fortset. våre verdiar

- Vi gjer dei oppgåver vi skal innanfor dei tidsrammer dei skal gjerast
  - Vi stolar på kvarandre og gjev kvarandre ansvar
  - Vi tar ansvar og er stolte av jobben vår
  - Vi deler kunnskap og erfaringar
- 
- Vi smiler til alle vi møter
  - Vi tøyser med barna og skapar gode augeblikk for små og store der vi kan le saman
  - Vi gjev barna, foreldre og kollegaer gode tilbakemeldingar
  - Vi legg til rette for opplevingar barna, foreldra og kollegaer kan gle seg til
  - Vi lar barn og vaksne vere med å påverke sin kvardag
  - Vi tar initiativ og gjer det lille ekstra

### **I Gullbring barnehage legg vi vekt på:**

- Å vere tilstades
- Gå føre som gode rollemodellar og ved å jobbe mot våre mål
- Skapar framtida

# SEPTEMBER



| Veke | Måndag | Tysdag                                                    | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|-----------------------------------------------------------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 36   | 2      | 3<br>Foreldremøte<br>Granskogen og<br>Gullbosten kl 19    | 4      | 5       | 6      | 7       | 8      |
| 37   | 9      | 10<br>Foreldremøte<br>Bjørkekollen og<br>Furuhotten kl 19 | 11     | 12      | 13     | 14      | 15     |
| 38   | 16     | 17                                                        | 18     | 19      | 20     | 21      | 22     |
| 39   | 23     | 24                                                        | 25     | 26      | 27     | 28      | 29     |

# Barnesyn og mål

## Vårt barnesyn

Barnet er fødd med sin unike personlegdom, særpreg og styrkjer, ulike føresetnader og behov, barn er ulike. Barn treng å bli møtt ulikt og bli respektert for den dei er. Barn treng vaksne som møter barn audmjukt og jobbar for å forstå det enkelte barn. Alle barn er like verdifulle.

Barn er kompetente. Alle barn KAN. Alle barn bær i seg potensiale til ulike kompetansar. Dei vaksne må vere «stillas» som barna kan nytte seg av for å nå «nye høgden».

Barn er fødd sosiale med eit ibuande ønske om kontakt, nærleik og trong til å lære. Barnet utviklar seg i samspel med miljøet og nære omsorgspersonar. Barn er avhengige av trygge omgjevnader – tydelege rammer, og vere saman med sensitive, stabile og omsorgsfulle vaksne som er gode rollemodeller.

Gjennom barneåra er leiken eit av dei viktigaste læringsområda. Gjennom leik tileignar barn seg sosial kompetanse, meistring, sjølvkjensle, haldningar og verdiar.

## Derfor jobber vi for

- Å ha ei stabil og fagleg kompetent personalgruppe
- Alt arbeidet botnar i planar laga i fellesskap som gjev tydelege faglege rammer, samtidig som det er rom for spontanitet
- At barna leiker, lærer og har glede av å vere i naturen og nærmiljøet
- At kvart barn blir sett og alle vaksne er aktivt tilstades for barna i alle dei gode augeblikka
- Eit godt arbeidsmiljø, der ein deler erfaringar og kunnskap og saman søker ny informasjon
- At foreldre og andre samarbeidspartnarar blir tatt godt imot og lytta til, og at avtalar vert følgde opp

# OKTOBER

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag             | Torsdag                                                | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|--------------------|--------------------------------------------------------|--------|---------|--------|
| 40   | 30     | 1      | 2                  | 3                                                      | 4      | 5       | 6      |
| 41   | 7      | 8      | 9<br>SU møte kl 19 | 10                                                     | 11     | 12      | 13     |
| 42   | 14     | 15     | 16                 | 17                                                     | 18     | 19      | 20     |
| 43   | 21     | 22     | 23                 | 24<br>FN – dag<br>Foreldrekafe fra<br>kl 15.00 – 16.30 | 25     | 26      | 27     |
| 44   | 28     | 29     | 30                 | 31                                                     |        |         |        |



- Aerkjenne barndommens eigenverdi
- Venskap som grunnlag for trivnad og utvikling
- Like moglegheiter uansett bakgrunn
- Barna skal trivast, bli trygge på seg sjølv, på andre og på omgjevnadene rundt seg
- Sosialt kompetente barn
- Respektfulle barn, som har lært å ta vare på kvarandre, materiell og alt rundt seg
- Nysgjerrige og undrande barn som nyttar språket aktivt
- Vi vil at barna skal bli glad i bøker og litteratur
- Lærelystne barn
- Sjølvstendige barn
- Barn som er glade i å vere ute og bruke naturen som arena for motorisk utvikling



# NOVEMBER

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag                             | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|--------|---------|------------------------------------|---------|--------|
| 44   |        |        |        |         | 1<br>Planleggingsdag<br>Bhg stengt | 2       | 3      |
| 45   | 4      | 5      | 6      | 7       | 8                                  | 9       | 10     |
| 46   | 11     | 12     | 13     | 14      | 15                                 | 16      | 17     |
| 47   | 18     | 19     | 20     | 21      | 22                                 | 23      | 24     |
| 48   | 25     | 26     | 27     | 28      | 29                                 | 30      |        |

# Kven er vi ?

Vi er ein avdelingsbarnehage. Barna blir delt inn i grupper der barna får tilpassa aktivitetar. Våre avdelingar er:

- Bjørkekollen           4 – 6 år
- Furuhotten            3 – 4 år
- Granskogen           1 – 3 år
- Gullbosten            1 – 3 år

Personalgruppa i Gullbring barnehage består av barnehagelærarar, fagarbeidarar, assistentar, spesialpedagog, styrar og assisterande styrar. Vi er ei personalgruppe med stor fagleg kompetanse og mykje erfaring.

For nærare presentasjon av personalet sjå den vesle årsplanen.

# DESEMBER



| Veke | Måndag | Tysdag                           | Onsdag                        | Torsdag                       | Fredag                     | Laurdag | Søndag |
|------|--------|----------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|----------------------------|---------|--------|
| 49   | 2      | 3                                | 4                             | 5                             | 6                          | 7       | 8      |
| 50   | 9      | 10                               | 11                            | 12                            | 13<br>Lusia                | 14      | 15     |
| 51   | 16     | 17                               | 18                            | 19                            | 20<br>Julebord for<br>bana | 21      | 22     |
| 52   | 23     | 24<br>Julaften bhg<br>stengt     | 25<br>1.juledag bhg<br>stengt | 26<br>2.juledag bhg<br>stengt | 27                         | 28      | 29     |
| 1    | 30     | 31<br>Nyttårsaften<br>bhg stengt |                               |                               |                            |         |        |

# Samarbeidspartnarar

- Barnevernet
- Helsestasjonen
- PPT – Pedagogisk psykologisk teneste
- Spesialpedagog
- Bø og Folkestad skule
- Andre instansar ved behov

# JANUAR


| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag                          | Torsdag                    | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|---------------------------------|----------------------------|--------|---------|--------|
| 1    |        |        | 1<br>1.nyttårsdag bhg<br>stengt | 2<br>Plandag bhg<br>stengt | 3      | 4       | 5      |
| 2    | 6      | 7      | 8                               | 9                          | 10     | 11      | 12     |
| 3    | 13     | 14     | 15                              | 16                         | 17     | 18      | 19     |
| 4    | 20     | 21     | 22                              | 23                         | 24     | 25      | 26     |
| 5    | 27     | 28     | 29                              | 30                         | 31     |         |        |

# Satsingsområde

I Gullbring barnehage vil vi i barnehageåret 2019/20 ha følgende hovedtema:

- Språk, tekst og kommunikasjon med tema – Kropp, rørsle, mat og helse
  - Sosial kompetanse
- 
- Barn som bekymrar
  - Dei utrolige årene

Dette er felles satsingsområde i Bø kommune, og gjeld alle barnehagane, både private og kommunale.



# FEBRUAR



| Veke | Måndag | Tysdag               | Onsdag | Torsdag                                    | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|----------------------|--------|--------------------------------------------|--------|---------|--------|
| 5    |        |                      |        |                                            |        | 1       | 2      |
| 6    | 3      | 4                    | 5      | 6<br>Vi markerer<br>samenes<br>nasjonaldag | 7      | 8       | 9      |
| 7    | 10     | 11                   | 12     | 13                                         | 14     | 15      | 16     |
| 8    | 17     | 18<br>Karneval i bhg | 19     | 20                                         | 21     | 22      | 23     |
| 9    | 24     | 25                   | 26     | 27                                         | 28     | 29      |        |




# Dei 7 fagområda i rammeplanen

Dei 7 fagområda vert jobba med heile tida. Når barna fortel, vert lest for, går på tur, klatrar, tel, byggjer, går på arrangement, sorterer søppel, undrar seg og lærer sosiale spelereglar, teiknar og leiker, vert det jobba med fagområda.

I tillegg til å jobbe med fagområda i alt vi gjer i kvardagen i barnehagen, vil vi jobbe med større prosjekt innanfor nokre av dei.




Kommunikasjon,  
språk og tekst




Kropp, rørsle,  
mat og helse




Kunst, kultur  
og kreativitet



Natur, miljø  
og teknologi



Mengde, rom  
og form



Etikk, religion og  
filosofi



Nærmiljø og  
samfunn

# MARS



| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 9    |        |        |        |         |        |         | 1      |
| 10   | 2      | 3      | 4      | 5       | 6      | 7       | 8      |
| 11   | 9      | 10     | 11     | 12      | 13     | 14      | 15     |
| 12   | 16     | 17     | 18     | 19      | 20     | 21      | 22     |
| 13   | 23     | 24     | 25     | 26      | 27     | 28      | 29     |

# Korleis jobbar dei ulike avdelingane med fagområda.

## **Bjørkekollen:**

### **Kommunikasjon språk og tekst**

På Bjørkekollen vil vi ha fokus på språket i alt vi gjer, eit godt språk er blant anna viktig i forhold til å få vener og å kome inn i leiken. Leiken er det viktigaste barn gjer i barnehagen, barn tenkjer ikkje over jobben dei sjølv gjer for å kome inn i leiken. Dei leiker fordi det er det som er mest moro av alt. Vi vil «drukne» barna i ord i kvardagen og i planlagde aktivitetar vi har på avdelinga. Samlingar er ein aktivitet der vi blant anna vil synge, fortelle og dramatisere eventyr. Vi skal ha bøker både frå barnehagen og biblioteket tilgjengelig som barna sjølv kan hente og sjå i, og som vi kan lese for dei. Som pedagogiske verktøy har vi snakkepakken, språkkista, Salaby. Ipad er eit verktøy vi også har tilgjengelig for å stimulere språket.

### **Kropp, bevegelse, mat og helse**

På Bjørkekollen har barna kome i ein alder der dei har eit stort behov for å bruke kroppen sin i løpet av dagen, samtidig som dei og treng å kvile seg og koble ut litt. På bakgrunn av dette vil Bjørkekollen gå på tur minst ein gong i veka, då vil lengda på turane variera i forhold til behovet barnegruppa har. Lengda på turane vil evaluerast etter kvart for å finne ut kor turane skal gå og kor langt det blir. Målet er ikkje å kome fram, men kva som skjer på vegen.. Vi vil også forsøke å få til ei kvilestund i løpet av dagen.

Vi vil bidra til at barna opplever glede ved å bruke kroppen på ulikt vis, meistring skaper motivasjon. I forhold til kropp vil vi jobbe med at vi menneske er like på mange måter, men også ulike og det er heilt vanleg. På denne måten ønskjer vi å bidra til at barna aksepterer seg sjølv og andre som dei er. Vi er gode nok slik vi er!

I forhold til mat har Gullbring barnehage fokus på eit sunt kosthald, som inneber å ha grønnsaker til brødmåltidet og ha eit varmmåltid i veka med sunn mat. Barna skal vere med å førebu og lage varmmåltidet. Bursdagsfeiringane blir markert med varmmat eller frukt på ulike måtar.

### **Kunst, kultur og kreativitet**

Kunst i barnehagen vil innebere ulike aktivitetar, det vil blant anna vere barna sine uttrykk i forming. Det kan vere maling på ulike måter, lage pyntegjenstandar av natur- og gjenbruksmateriell. I musikk kan det vere barna som diktar eigne songar, lage eigne melodiar med instrument eller lage eigne dansar. Ved at barna lagar noko saman skapast det ei felles oppleving som skapar meistring og glede gjennom samarbeid. Det vil vere temaet som bestemmer og avgrensar det som blir jobba med kvar månad.

Vi skal bruke songar og eventyr frå gamle dagar for å vidareformidle norske tradisjonar og kulturarv, samtidig vil vi også formidle nye eventyr og songar som vil bidra til at nye tradisjonar vert skapa. I forhold til høgtider vil vi markere desse ved for eksempel lage julepynt og syngje julesongar, øve på å gå i 17. mai tog, dette vil vi gjere for å vidareføre norske tradisjonar. Sidan vi er ein fleirkulturell barnehage, vil vi ha fokus på å bli kjent med kulturane til alle som går i barnehagen på ulike måtar.

Vi vil ha fokus på at barna skal få medverke i kvardagen i forhold til kva vi skal syngje, lage og fortelje.

### **Natur, miljø og teknologi**

Vi skal vere mykje ute for å bli kjent med naturen rundt oss, det kan vere på turar, men også på uteområdet til barnehagen. Dei ulike årstidene vil inspirere til ulike spanande aktivitetar vi vil gjere ute, alt frå skileik, aking, snømenn, finne småkryp og lytte etter kva fugl som syng.

Berekraftig utvikling er noko vi skal ha fokus på gjennom å vere ute i naturen og sjå på naturens gang og kva som kan skje viss vi ikkje tar vare på naturen. Gullbring barnehage er ein miljøfyrtårnbarnehage, og barna skal få kunnskap om kvifor vi blant anna skal kjeldesortere, og ta del i dette arbeidet.

Vi skal bruke Ipad for å undersøkje og dokumentere ulike dyr, planter og fenomen vi opplever i naturen.

### **Etikk, religion og filosofi**

Barna skal få kjennskap til ulike tradisjonar og høgtider som representerer barnegruppa.

Barna skal få sosial læring i barnehagen. Vi skal gjere dette gjennom leik, samtalar og daglege situasjonar. Vi skal gje barna erfaring på kva som er rett og galt.

Barna skal meistre det sosiale samspelet med blant anna å vente på tur og trøyste kvarandre.

I Rammeplanen for barnehager står det blant anna: *«Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna utvikler interesse og respekt for hverandre og forstår verdien av likheter og ulikheter i et fellesskap».*

Vidare seier Rammeplanen at barnehagen skal bidra til at barna: *Får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggende normer og verdier.*

### **Antal, rom og form**

Vi skal oppmuntre barna til å utforske og leike med tal, teljing, rom og form. Vi skal pusle og spele spel saman med barna.

Barnas plassering i romet er viktige omgrep som dei skal få kunnskap om. For eksempel høgt /lågt, foran / bak.

Barna skal ha tilgang til ulike spel, teljemateriell, klossar, leiker og formingsmaterieill, slik at dei kan telje og sortere når dei ønskjer det. Rammeplanen seier at: *«Barnehagen skal bidra til at barna bruker kroppen og sansene for å utvikle romforståelse*

## **Nærmiljø og samfunn**

Gjennom barnehageåret skal barna bli kjent med sitt nærområde.

Vi skal bruke nærområdet vårt til å gå på turar. Vi skal bruke både skogen og Bø sentrum som våre turområde. Vi ønskjer å gripe tak i «her-og-no-situasjonen», og ta barna sine opplevingar og erfaringar på alvor.

I Rammeplanen for barnehagen står det at: «Gjennom arbeid med miljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna oppmuntres til å medvirke i egen hverdag og utvikler tillit til deltakelse....»

## **Furuhotten:**

### **Kommunikasjon, språk og tekst:**

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst vil vi skape interesse for bøker og songar, og bli kjent med eventyr, rim og regler. Vi skal lese bøker, fortelje eventyr og leike med rim og regler i samlingsstunder. Vi skal gå turar til biblioteket for å sjå i – og låne bøker. Vi skal ha fokus på å skape eit godt miljø der det er tilrettelagt for gode samtalar i kvardagen. Vi vil også skape eit variert språkmiljø der barna dagleg vil få oppleve glede og spaning ved forteljingar, songar og høgtlesing. Vi vaksne skal vere gode rollemodellar blant anna gjennom å vere aktivt lyttande og setje ord på alt vi gjer. Vi vil ta i bruk ulike hjelpemiddel, blant anna snakkepakka, Salaby, Ipad, språkkista o.l.

### **Kropp, rørsle, mat og helse:**

Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal vi skape medvit rundt kva som er sunt for kroppen gjennom aktivitet, kosthald og kvile. Barna skal også lære å setje grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser. Vi skal gå på turer i nærområdet året rundt, og bruke kroppen aktivt i leik. Vi skal og lage mat med barna og ha samtalar om maten vi et, slik at vi skapar medvit rundt måltida våre. Vi vil også lage mat ute på tur, og vil vise barna at vi kan lage god og sunn mat også på tur. Vi vil tilrettelegge for kvileperiodar på avdelinga, slik at barna kan få roa ned i ein aktiv kvardag. Vi skal ha temasamlingar om kropp og helse der vi skal lære om kroppen og kjensler.

### **Kunst, kultur og kreativitet:**

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet vil vi leggje til rette for kreative tankar gjennom teikning- og formingsaktivitetar, og la barna bli kjent med kunst og kultur. Barna vil dagleg ha tilgang på ulike formingsmateriell og vi skal leggje til rette for formingsaktivitetar der barna vil få høve til å uttrykke seg sjølv gjennom kunst. Vi skal også ha fokus på drama, der barna sjølv skal få vere delaktige i dramatiseringar. Vi vil gå turar til Gullbring og Universitetet for å sjå på utstillingar, og elles vil vi oppsøkje andre moglegheiter for kulturelle og kunstneriske innslag som måtte finne stad i nærområdet.

### **Mengd, rom og form:**

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barna bli kjent med fagområdet gjennom leik, songar og formingsaktivitetar. Gjennom kvardagsaktivitetar vil vi gje barna erfaringar med antal, rom og form. Dette vil vi gjere gjennom ulike former for konstruksjonsleik, spel, eventyr, turar i naturen og ulike hjelpemiddel vi har tilgjengelig. Barna vil dagleg ha tilgang til byggeklossar, teljemateriell, formingsmateriell og ulike spel som stimulerer til problemløysing. Vi skal også undersøkje og eksperimentere med former og tal og undersøkje kva eigenskaper dei har og ulike måtar å sortere dei på. Vi skal ta i bruk mattepakka i arbeidet vårt.

### **Etikk, religion og filosofi:**

Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi vil vi bidra til at barna utviklar toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulike kulturelle, religiøse eller livssynsmessig tilhøyrslar. Barna skal få eit innblikk i andre religionar og lære å respektere kvarandre sine ulikheiter. Vi skal markere høgtidene til dei religionane som er representert i barnegruppa, vi skal også markere samane sin nasjonaldag. Gjennom samtalar i kvardagen ønskjer vi å utvikle barnas forståing og toleranse ovanfor kvarandre og for forskjellane både i barnegruppa og elles i samfunnet. Som hjelpemiddel vil vi ta i bruk steg for seg og Dei utrullege åra.

## **Nærmiljø og samfunn:**

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barna bli kjent med Bø som bygd, og lære om kvifor vi treng reglar i samfunnet. Vi vil ha fokus på å bli kjent med nærmiljøet og delta i samfunnet. Vi skal ta turar til kommunehuset, kanskje vi kan få snakke litt med dei som jobbar der, og lære litt om kva dei driv med. Vi vil ta turar til biblioteket og Gullbring kulturanlegg. Vi skal også gå på besøk til sjukeheimen for å snakke med dei gamle som bur der, det kan vere fint å bli litt kjent med dei gamle i samfunnet vårt. På turane våre vil vi også lære om trafikktryggleik og samtidig sjå kva som finst i gata. Når vi er ute i trafikken, skal vi bruke leietau, som ein del av barna sin tryggleik.

## **Granskogen og Gullbosten:**

### **Kommunikasjon, språk og tekst.**

I kommunikasjon, språk og tekst skal vi vere språkleg aktive med barna. «Boka i sentrum» vil vere tema for dette barnehageåret. Vi skal bli kjent med biletbøker, som for eksempel peikebøker, teljebøker og rim og regler. Vi vil bli kjent med digitale bøker. Biblioteket skal bli brukt ofte, der låner vi bøker etter tema i barnehagen og bøker som barna interesserer seg for.

I Rammeplanen for barnehagen står det blant anna : «*Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna opplever spenning og glede ved høytlesning, fortelling, sang og samtale*» Rammeplanen.

For å stimulere til eit godt språk er det viktig at vi «bader barna i ord». Det vil seie at vi set ord på alt det vi gjer saman med barna, Dette er noko vi er svært medvitne på gjennom heile dagen.

I Rammeplanen for barnehagen står det blant annet: «*Personalet skal oppmuntre barna til å fabulere og leke med språk, lyd, rim og rytme*»



## **Etikk, religion og filosofi**

Barna skal få kjennskap til ulike tradisjonar og høgtider som representerer barnegruppa.

Barna skal få sosial læring i barnehagen. Vi skal gjere dette gjennom leik, samtalar og daglege situasjoner. Vi skal gje barna erfaring på kva som er rett og galt.

Barna skal meistre det sosiale samspelet ved blant anna å vente på tur og trøyste kvarandre.

I Rammeplanen for barnehagen står det blant anna: *«Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna utvikler interesse og respekt for hverandre og forstår verdien av likheter og ulikheter i et fellesskap».*

Vidare seier Rammeplanen at barnehagen skal bidra til at barna: *«Får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggende normer og verdier»*

## **Natur, miljø og teknologi**

Vi vaksne skal bidra til at barna blir glade i naturen og få erfaring med han til ulike årstider. Vi skal også leggje til rette for at barna skal få oppleve naturen som arena for leik og læring. Vi skal ha samtalar og få opplevingar rundt planter, insekt og dyr i naturen året rundt. Når vi er ute på tur skal vi utforske det vi ser, og la barna undre seg og gripe tak i «her og no opplevinga».

I Rammeplanen for barnehagen står det blant anna: *«Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen».*

Rammeplanen seier vidare at *«Barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om dyr og dyreliv».*

I samband med at vi er ein Miljøfyrtårnbarnehage skal barna få erfaring med kjeldesorteing og straumbrok - vi skal slå av lys i rom vi ikkje brukar.

I Rammeplanen for barnehagen står det blant anna: *«Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med egne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utvikler gode vaner for hygiene og et variert kosthold»*

## **Antal, rom og form**

Vi skal oppmuntre barna til å utforske og leike med tal, teljing, rom og form. Vi skal, pusle og spele spel saman med barna.

Barna si plassering i rommet er viktige omgrep som dei skal få kunnskap om. For eksempel høgt/lågt, foran/bak.

Barna skal ha tilgang til ulike spell, teljemateriell, klossar, leiker og formingsmateriell, slik at dei kan telje og sortere når dei ønskjer det.

Rammeplanen seier at: *«Barnehagen skal bidra til at barna bruker kroppen og sansene for å utvikle romforståelse»*

## **Kropp, rørsle, mat og helse**

Gjennom kropp, rørsle, mat og helse ønskjer vi at barna skal få gode vanar som skal vare livet ut. Rammeplanen for barnehagen seier: *«Vaner og handlingsmønstre tar form allerede fra tidlig alder. Gode vaner som tilegnes i barnehagealder, kan vare live ut»*.

Vi ønskjer blant anna at barna skal motiverast til å ete god og sunn mat.

Barna skal få grunnleggande motoriske ferdigheiter, både inne og ute. Dei skal bli inkludert i ulike fysiske aktivitetar og kjenne på ei meistringsglede.

Vi har også fokus på hygiene på avdelinga. Barna skal lære å vanske hender etter dobesøk og før måltid.

## **Kunst, kultur og kreativitet**

Vi skal leggje til rette for at barna kan få prøve ut ulike materiell for å uttrykkje seg estetisk. Vi legg opp til at personalet stimulerer barnas nysgjerrigheit ved at barna får undre seg over, og ta seg tid til aktiviteten dei driv på med. Barna skal få vere aktive og skape eigne kunstneriske uttrykk. Det er prosessen som er viktig, ikkje produktet.

I Rammeplanen for barnehager står det: *«Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna bruker ulike teknikker, materiale, verktøy og teknologi for å uttrykke seg estetisk»*.

## Nærmiljø og samfunn

Gjennom barnehageåret skal barna bli kjent med nærområdet. Vi skal sørge for at barna skal bli kjent med ulike tradisjoner, levesett og familieformer.

Vi skal bruke nærområdet vårt til ulike turer. Vi skal ha fokus på å gripe tak i «her-og-no-situasjonen».

I Rammeplanen for barnehagen står det at: *«Gjennom arbeid med miljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna oppmuntres til å medvirke i egen hverdag og utvikler tillit til deltakelse....»*



# APRIL

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 14   | 30     | 31     | 1      | 2       | 3      | 4       | 5      |
| 15   | 6      | 7      | 8      | 9       | 10     | 11      | 12     |
| 16   | 13     | 14     | 15     | 16      | 17     | 18      | 19     |
| 17   | 20     | 21     | 22     | 23      | 24     | 25      | 26     |
| 18   | 27     | 28     | 29     | 30      |        |         |        |

# Kvalitet i Gullbring barnehage

## Språkkompetanse

Personalet i Gullbring barnehage har godt utvikla kunnskap om ulike språktiltak og metodar vi kan jobbe etter. Førskulealderen er den viktigaste utviklingsperioden for språk, og barnehagen skal tilretteleggje for eit godt språkmiljø for alle barna i barnehagen. Målet er at alle barn skal oppleve meistring i språklege aktivitetar i barnehagen og møte eit språkmiljø som støtter deira eigen språkutvikling. Dette året har vi valt «Boka i sentrum» nettopp med tanke på å auke språkkompetansen til barna. Vi skal blant anna:

- Sørge for at alle barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler
- Ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, derunder samiske barns språk og kultur
- Barna skal utvikle eit variert språk og god språkforståing
- Barna lærer å bruke språket på ein adekvat måte i det daglege
- Alle avdelingar har lesestunder for barna
- Vi bruker songar, rim og regler i kvardagen
- Vi bruker språket aktivt i alle situasjonar
- Vi vaksne er gode språkmodellar for barna i alle daglegdagse situasjonar: Måltid, påkledning, leik og samlingar.
- Bøker skal vere lett tilgjengeleg for barna slik at dei blir ein naturleg del av kvardagen

# MAI

| Veke | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|--------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 18   |        |        |        |         | 1      | 2       | 3      |
| 19   | 4      | 5      | 6      | 7       | 8      | 9       | 10     |
| 20   | 11     | 12     | 13     | 14      | 15     | 16      | 17     |
|      | 18     | 19     | 20     | 21      | 22     | 23      | 24     |
| 22   | 25     | 26     | 27     | 28      | 29     | 30      | 31     |

## Tidleg innsats

Bø kommune blei i 2014 med i eit prosjekt som heiter «Barn i rusfamilien». Dette er i regi av Kompetansesenteret rus – region sør, Borgestadklinikken. Hovudmålet er å heve kompetansen i forhold til tidleg identifikasjon og tidleg intervensjon til tilsette som kjem i kontakt med risikoutsette barn og unge. I prosjektet har ein valt å fokusere på alle barn som bekymrer, uavhengig av bakomliggende årsak. Gullbring barnehage har to ressurspersonar knytt til prosjektet.

Alle barnehagane i Bø kommune har også deltatt i eit opplæringsprogram som heiter «Dei utrulege åra». Dette er ein modell laget av Carolyn Webster-Stratton, amerikansk sjukepleiar, klinisk psykolog og professor i klinisk barne- og familiarbeid. Programmet omfattar rettleiing av foreldre, lærarar og barnehagelærarar. Sentralt i metoden står anerkjenning, ros og positiv merksemd for ønska atferd. Det er eit opplæringsprogram som tar for seg korleis vi som vaksne skal fremje sosial og emosjonell utvikling.

## Relasjonskompetanse

Alle tilsette i Gullbring barnehage har god kompetanse på og kunnskap om viktigeita av relasjonsbygging. Det å jobbe med samspel er ei av dei viktigaste oppgåvene vi har i barnehagen. Dette startar allereie når barna kjem til barnehagen for første gong. Tilvenningstida i barnehagen er viktig med tanke på korleis barnehagekvardagen til barna blir. Det er viktig å bruke god tid i starten, slik at både barnet og foreldra kjenner seg trygge og ivaretatt. Seinare er dette viktig i forhold til å byggje venskapsrelasjonar mellom barna. Vi får eit tomt liv utan gode relasjonar.

## Interkulturell kompetanse

I Gullbring barnehage har vi eit kulturelt mangfald. Alle menneske er ulike og vi har forskjellige erfaringar, tankar og kompetanse. Ved å utvikle interkulturell kompetanse blir vi betre til å forholde oss til ulikheiter mellom menneske generelt. I Gullbring barnehage har vi fokus på å bli kjent med kvarandre, vise respekt for andre sine synspunkt og levemåtar og bli inspirert av kvarandre. I 2018 vann vi inkluderingsprisen. Vi fekk prisen fordi vi er gode på å ta imot vaksne som treng språkpraksis. Både barn og vaksne bidreg til at våre medmenneske som kjem hit til landet blir inkludert og lærer seg norsk ved at vi har vaksne i språkpraksis.

## Mobbing

Gullbring barnehage har utarbeidd eit eige hefte som handlar om mobbing i barnehagen. Det inneheld litt om kva mobbing er, og korleis vi både kan forebyggje, og gripe tak i det som eventuelt har oppstått. Her vil dialogen mellom foreldre og barnehage vere svært viktig.





## Dokumentasjon og vurdering

Rammeplanen seier følgjande:

- Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet, det skal både beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen
- Målet er å sikre at alle barn får eit godt tilbod som er i tråd med lovverket.
- Heile personalgruppa skal vere med i evalueringsarbeidet
- Personalet skal lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.
- Ulike typar dokumentasjon skal synleggjere korleis vi jobbar for å oppfylle krava i lovverket.
- Barn har rett til vern om sin personlege integritet, derfor skal vi ha eit etisk perspektiv når vi jobbar med dokumentasjon av enkeltbarn og barn i grupper.
- Det blir lagt til rette for breiast mogleg medverknad frå barn, foreldre, barnehagen sitt personal og eigar.

## Danning

I Gullbring barnehage vil vi ha fokus på følgjande:

- Leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- Støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsette ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet
- Leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barna sine perspektiv og handlingar
- Utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- Synleggjere og framheve mangfald og ulikheiter som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

## Medverknad i Gullbring barnehage

- I omgrepet medverknad vert merksemda retta mot å vere saman om noko, med nokon, i ein fellesskap.
- Barnehagen skal leggje til rette for, og oppmuntre barn til å gi uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen.
- Det skal leggjast til rette for at barna skal få delta i planlegging og vurdering.
- Barnehagen skal leggje til rette for ulike måtar å uttrykkje seg på, avhengig av alder, erfaring, individuelle føresetnader og behov.
- Det er viktig å ikkje gje barna meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

## Progresjon

Når vi snakkar om progresjon i barnehagen så meiner vi at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte moglegheiter til leik, aktivitetar og læring.

For å få til dette, må personalet byggje vidare på barnet sine interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Utfordringane skal vere tilpassa barna sine erfaringar, interesse, kunnskap og ferdigheiter.

## Digital praksis i Gullbring barnehage

Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Digitale verktøy skal brukast saman med vaksne, og skal ikkje dominere kvardagen i barnehagen. Eit av måla er å utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy, og samtidig utøve digital dømekraft

# JUNI



| Veke | Måndag                        | Tysdag                | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|-------------------------------|-----------------------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 23   | 1<br>1.pinsedag bhg<br>stengt | 2<br>Plandag - stengt | 3      | 4       | 5      | 6       | 7      |
| 24   | 8                             | 9                     | 10     | 11      | 12     | 13      | 14     |
| 25   | 15                            | 16                    | 17     | 18      | 19     | 20      | 21     |
| 26   | 22                            | 23                    | 24     | 25      | 26     | 27      | 28     |
| 27   | 29                            | 30                    |        |         |        |         |        |

## Foreldresamarbeid i Gullbring barnehage

### Utdrag fra Barnehageloven §4

For å sikre samarbeidet med barna sin heim skal barnehagen:

- Ha eit foreldreråd som fremjar felles interesser og bidreg til at samarbeidet skapar eit godt barnehagemiljø
- Ha eit samarbeidsutval som behandlar saker frå foreldrerådet og frå barnehageeigar, og er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ.

### Styringsdokument

Kvalitet oppstår i kvardagen – skapt av oss og opplevd av våre brukarar

- Foreldre og føresette skal oppleve at dei får god informasjon om barna sin kvardag og kva som skjer i barnehagen
- Vi lyttar til foreldra og tek deira synspunkt på alvor
- Vi skal ha ein god dialog med alle foreldra og føresette
- Vi bruker SMS og e-post for å informere om aktivitetar
- Vi dokumenterer barnehagekvardagen på bildeskjerm
- Vi set pris på tilbakemeldingar og er opne for endringar
- Vi har ein open dialog om barnet si utvikling
- Vi gjev tilbod om minimum 2 foreldresamtalar i året
- Vi har barn og foreldre i fokus
- Vi har felles foreldremøte for heile barnehagen etter oppstart
- Heilt nye foreldre blir invitert til eit møte på vårparten før oppstart
- Samarbeidsutvalet har minst to møte i løpet av barnehageåret
- Vi deltek på brukarundersøking i regi av Bø kommune
- Vi har ulike arrangement for foreldre/føresette og barn, som gjev moglegheit for å knyte bånd med kvarandre og personalet i barnehagen
- Overgangen frå barnehage til skule – ein nøkkel i livslang læring

# JULI



| Veke | Måndag                                        | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|------|-----------------------------------------------|--------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 27   |                                               |        | 1      | 2       | 3      | 4       | 5      |
| 28   | 6                                             | 7      | 8      | 9       | 10     | 11      | 12     |
| 29   | 13<br>Barnehagen<br>feriestengt heile<br>veka | 14     | 15     | 16      | 17     | 18      | 19     |
| 30   | 20<br>Barnehagen<br>feriestengt heile<br>veka | 21     | 22     | 23      | 24     | 25      | 26     |
| 31   | 27<br>Barnehagen<br>feriestengt heile<br>veka | 28     | 29     | 30      | 31     |         |        |

## Korleis vi arbeider for å nå måla vi har sett oss for barna i Gullbring barnehage

- Vi møter barna i garderoben om morgonen med eit smil og pratar med det enkelte barn
- Vi er nær barna, tilstades for dei, og alle barn blir sett og anerkjent
- Vi har ein fast dagsrytme på avdelingane som er forutsigbar for barna
- Vi samarbeider med andre avdelingar
- Vi blir kjent med, og set av tid til samarbeid med barnet sine foreldre/føresette
- Vi legg til rette for og gjev rom for lek
- Vi er aktive saman med barna og rettleier dei i lek og kvardagssituasjonar
- Vi er gode rollemodellar
- Vi gjev rom for undring og nysgjerrigheit og legg til rette for gode samtalar
- Vi gjev barna gode opplevingar og læringserfaringar innanfor dei 7 fagområda
- Vi gjev barna utfordringar med moglegheit for meistring, læring og utvikling
- Vi er mykje ute og brukar kroppen i naturen rundt oss



